



Mykje pinsegjester på Rabben Feriesenter

Ein liten runde fortel om svært godt besøk av gjester både i båthamna og på Rabben Feriesenter i pinsehøga. Begge plasser vert det rapportert om at gjestene har kosa seg i det fine veret. I tillegg set mange pris på mathuset Oska, der mange er beistra for kvaliteten, og der var det eit større lukka selskap pinseaftan.

Magne Heggøy ved Rabben Feriesenter kan rapportera om fullt belegg i hyttene og masse bubilar. Folk har kosa seg i det fine veret, og endå fleire hadde nok nytta seg av fiskemulighetene om han hadde hatt fleire båtar ute. Rabben Feriesenter har no 9 båtar til utleige, og det er svært populært blant gjestene. Populære er også bakarvarene som Marit Langballe leverer. I dag gjekk det unna av både brød, bollar og kaker som ho hadde steikt i steinommen sin. Dette er eit fint tilbud som er svært populært blant campinggjestene.

Han fortel vidare at tyskarane er begynt å koma. Dei fiskar, og dei får fint med fisk.

Også i båthamna har det vore god pinsetrafikk.

- Godt besøk av fornøgdde gjester. Mange har kosa seg med grilling oppe ved teltet, kan Jan Henrik Hansen i styret for Uskedal båtlag fortelja.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland